



Fastlandsamband Halsnøy AS
Lonavegen 1
5460 HUSNES

Dato: 15.09.2017
Vår ref.: 2014/14567-65
Dykkar ref.:

Partsbrev - Oppfølging - Selskapskontroll av fastlandssambandet Halsnøy AS

Det vart gjort slikt vedtak i sak PS 99/17 «Oppfølging – Selskapskontroll av fastlandssambandet Halsnøy AS» i møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 12.09.17:

«Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå Fastlandssambandet Halsnøy AS i høve oppfølging av selskapskontrollen av selskapet og seier seg ferdig med saka.»

Vedlagt følgjer fullstendig partsbrev.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Arkivnr: 2014/14567-63

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	99/17	12.09.2017

Oppfølging - Selskapskontroll av fastlandssambandet Halsnøy AS

Bakgrunn for saka:

Fylkestinget i Hordaland gjorde slikt vedtak i sak PS 4/15 «Selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS» i møte 10.3.15.

«På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS, ber fylkestinget om at:

Fastlandssamband Halsnøy AS syter for å:

5. *Innføre følgjande praksisar tilrådd av KS:*
 - *Utarbeide styreinstruks*
 - *Gjennomføre eigenevaluering for styret*
 - *Tilbod om opplæring for styrerepresentantar*
 - *Gjennomføre styreseminar med fokus på roller, ansvar og oppgåver*
 - *Utarbeide årleg plan for styret sitt arbeid*
 - *Slutte seg til KS sitt styrevervregister*
6. *Gjennomgå selskapet sine system og rutinar for innkjøp og sikre at innkjøp blir gjennomført i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar.*
7. *Legge arkivforskrifta til grunn for føring av selskapet sin postjournal.*
8. *Utarbeide skriftlege rutinar for budsjettering og oppfølging av budsjett, som inkluderer retningslinjer for rapportering om avvik frå budsjett.*
9. *Lage ein handlingsplan innan 01.06.15, som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i samband med handsaming av referatsak RS 49/15 i

møte 17.6.15 som gjaldt tilbakemelding frå Fastlandssamband Halsnøy AS om tiltak for å følgje opp tilrådingar etter denne selskapskontrollen:

«Kontrollutvalet ser positivt på at Fastlandssamband Halsnøy AS har sett i verk nokre av tiltaka som går fram av vedtaket i fylkestinget. På bakgrunn av at det er planlagt at fleire av tiltaka skal setjast i verk i samband med valet hausten 2015 ber kontrollutvalet om ny status i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.12.2015.»

Det vart send fleire purringar til Fastlandssamband Halsnøy AS og svar vart motteke 10.3.16. Svaret vart handsama i møte i kontrollutvalet 4.4.16 i sak PS 32/16 der det vart gjort slikt vedtak :

«Kontrollutvalet ber om at **Fastlandssamband Halsnøy AS** kjem med nytt svar på denne selskapskontrollen med frist 30.6.16. I dette svaret ber ein også om å få tilsendt dokumentasjon som viser kva som er gjort for å gjennomføre tilrådingane, eventuelt kva som skal gjerast seinare og i tilfelle når det skal gjerast.»

Svar frå Fastlandssamband Halsnøy AS vart motteke 6.9.2016 og handsama i møte i kontrollutvalet 20.10.16 der det vart gjort slikt vedtak:

«Kontrollutvalet ber om at **Fastlandssamband Halsnøy AS** kjem med ny skriftleg status på forbetringpunkta i denne selskapskontrollen med frist 30.11.16.»

Det kom ikkje svar frå Fastlandssamband Halsnøy innan den fastsette fristen og purring vart send 02.01. og 20.01.2017. Sekretariatet mottok slikt svar 22.01.2017 frå styreleiar Hans Inge Myrvold:

«Me hadde styremøte i førre veke. Me hadde saka oppe til behandling der. Me er i forhandlingar med tilbydarar av opplæring og evaluering av styret. Når dette er ferdig forhandla, vil me koma med oppfølging.»

På bakgrunn av dette svaret sende sekretariatet slik tilbakemelding til styreleiar:

«Din e-post vert lagt fram for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i neste møte 13.2.2017. Til dette møtet hadde det også vore fint å få informasjon om når du vil komme med ny tilbakemelding i høve oppfølging av denne selskapskontrollen?»

Denne e-posten var det ikkje motteke svar på i samband med møte i kontrollutvalet 13.2.17. På bakgrunn av dette gjorde kontrollutvalet slikt vedtak:

«Kontrollutvalet ser alvorleg på at det ikkje er motteke svar på oppfølging av selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS sjølv om det er purra på svar. Utvalet ber om at ny status vert send seinast innan 6.3.17 slik at dette kan leggast fram i neste møte i kontrollutvalet 27.3.17.»

I møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 27.03.17 vart det gjort slikt vedtak i sak PS 34/17:

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet selskapet har gjennomført i samband med selskapskontroll av Fastlandssambandet Halsnøy AS
2. Kontrollutvalet merkar seg også at det har gått sær lang tid sidan revisjonsrapporten vart handsama i

fylkestinget 10.3.2015 utan at alle forbetringane er ferdig gjennomført.

2. På bakgrunn av at det framleis er ein del arbeid som er planlagt ferdig i løpet av første halvår 2017 ber kontrollutvalet om å få ny skriftleg statusrapport på punkta 1a, 1b, 1c, 1d, 2 og 4 innan 01.08.2017.

Drøfting:

Skriftleg tilbakemelding med vedlegg, dagsett 20.08.2017, om status i arbeidet med oppfølging av denne selskapskontrollen er motteke frå Fastlandssambandet Halsnøy AS og ligg ved saka. Av den mottekne tilbakemeldinga går det fram at det no er sett i verk forbetringar på stort sett alle delar av tilrådingane i rapporten.

Konklusjon:

På bakgrunn av at det som går fram av svaret frå Fastlandssambandet Halsnøy AS vert det tilrådd at kontrollutvalet seier seg nøgd med svaret og seier seg ferdig med saka.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå Fastlandssambandet Halsnøy AS i høve oppfølging av selskapskontrollen av selskapet og seier seg ferdig med saka.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 12.09.2017

Handsaming i møtet

Forslag til vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå Fastlandssambandet Halsnøy AS i høve oppfølging av selskapskontrollen av selskapet og seier seg ferdig med saka.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.